




TROLLMANNEN FRÅ OZ





TROLLMANNEN FRÅ OZ

AV **L. FRANK BAUM**

MUSIKK OG SONGTEKSTER FRÅ **MGM** SIN SPELEFILM

AV **HAROLD ARLEN** OG **E. Y. HARBURG**

MUSIKKULISSAR **HERBERT STOTHART**

DANSE- OG VOKALARRANGEMENT **PETER HOWARD**

ORIGINALORKESTRERING **LARRY WILCOX**

ORKESTRERING FOR DET NORSKE TEATRET **EGIL MONN-IVERSEN**

TILRETTELAGT FOR SCENEN AV **JOHN KANE** ETTER FILMMANUSKRIPDET TIL **MGM**

OMSETT AV **BJØRN ENDRESON**

TILRETTELAGT FOR DET NORSKE TEATRET AV **DANIEL BOHR**

TROLLMANNEN FRÅ OZ
BLIR VIST ETTER AVTALE MED
THAMS-WITMARK MUSIC LIBRARY, INC.
560 LEXINGTON AVENUE, NEW YORK, NEW YORK 10022, U.S.A.
OG NORDISKA STRAKOSCH TEATERFÖRLAG

OVER REGNBOKEN

*Når alt ihop er eit salig rot
og regnet slår om fot så søla skvett,
da legg solstrålane ein veg.*



*Når himlen trugar med uversskeyer,
kan vi ta den vegen rett og slett.
Den går frå tunet her hos deg,
dit alle stormar stilnar av
og sola skin som gull og rav.*



*Over regnbogen der er himlen blå.
Der ligg landet vi song om
den gong da vi var små.
Over regnbogen ligg det blåe land;
der blir draumen du vågar
drøyme for alltid sann.*

*Eg ser på stjernene kvar kveld
og ønskjer meg kvar gong dei fell
- å vakne
der sorg og tunge tankar svinn
som dogg for sol og sky for vind.
Ja, kom bli med meg!*

*Over regnbogen det er fuglens veg,
over regnbogen flyg dei,
kvifor kan ikkje eg?*


*Når lykkelege fuglar flyg sin fridomsveg
så kvifor kan kje eg?*





F

rå bok til scene til film



Da L. Frank Baum si barnebok *The Wonderful Wizard of Oz* kom ut i 1900, vart ho straks ein bestseljar.

Manuset som ligg til grunn for Det Norske Teatret si framsyning, byggjer på filmversjonen frå 1939.

Men dette er slett ikkje første gongen det er blitt laga film eller teater om Dorothy og landet Oz: Berre nokre få månader etter at boka kom ut, var

L. Frank Baum i gang med teaterstykket om Trollmannen.

Ein ung komponist, Paul Tietjens, som Baum hadde møtt gjennom illustratøren av boka, William Wallace Denslow, meinte at forteljinga ville høve ypperleg som musikal. På kort tid var libretto og nokre songer ferdige. Leiinga på Grand Opera House i Chicago vart tende på idéen. Men instruktøren likte ikkje utkastet. Baum måtte skrive eit nytt, det meste av musikken til Tietjens vart vraka og andre komponistar tilsette. Da stykket hadde urpremière i juni 1902, var det ikkje mykje att av den opprinnelege forteljinga. Dorothy var no ei ung kvinne som stadig var forelska, og ho vandra gjennom Oz med Imogene, som var yndlingskua hennar! Då framsyninga nådde Broadway i 1903, var det inga vond heks der lenger, og trollmannen var blitt ein ire full av gode historier! Men stykket vart den gongen ein stor suksess og reiste på turné rundt om i USA i åtte år!

Suksessen fekk følgje av talrike

nyoppsetjingar, og dette førte også til at Frank Baum skreiv fleire nye Oz-bøker. Eit par av dei laga han musikalar av, men ingen vart ein slik suksess som den første.

I 1906 var L. Frank Baum i Paris. Der vart han introdusert for noko heilt nytt: handkolorering av svart-kvitt-fotografi. Da han kom attende til Amerika drog han ut på det han trudde skulle bli ein innbringande reklame-turné for bøkene. Samstundes som han fortalde om bøkene sine, viste han fram lysbilete i fargar. Han hadde òg fått eit filmselskap til å trikse saman fotografi til små "levande filmbitar". Det enda diverre med økonomisk ruin. For å betale gjelda si







måtte han selje opphavsretten til barnebøkene sine til filmselskapet Selig,

Her er nokre av omslaga til dei mange bøkene om den merkelege verda i Oz som kom ut frå den første i 1900 til den siste kom i 1986.

som produserte ei rekkje Oz-filmar i 1910.

L. Frank Baum flytta så med familien sin til Hollywood. I 1914 grunnla han "Oz Film Manufacturing Company". Han rakk å lage eit halvt dusin stumfilm for firmaet gikk konkurs året etter. Nokre av filmene vart aldri viste. Da Baum døydd i 1919, hadde han skriva 14 Oz-bøker, og alle vart bestseljarar. Serien selde så bra at forlaget kjøpte opphavsretten av enkja til Baum,



og engasjerte forfatteren Ruth Plumly Thompson til å skrive fleire historier om Dorothy.

Etter at faren var død, lykkast det eldste sonen til Baum, Frank J. Baum å føre alle rettane til bøker, skodespel og film tilbake til familien.

I 1925 laga Chadwick Pictures Corporation, *The Wizard of Oz*, mellom anna med Oliver Hardy som Blekkboksmannen. (Han vart seinare ein kjend Halvan i komikarparet *Helan og Halvan*.) Enda ein gong vart historia endra. Denne gongen møter vi ungjenta Dorothy som dronning av Oz, men filmen vart ingen suksess.

I 1927 kom lydfilmen, og med denne ei fornya interesse for gamle musikalar. To Oz-filmar såg dagens lys i byrjinga av 30-åra. Walt Disney var ein av mange som ønskte seg rettane til Oz, men fru Baum avslo tilbodet hans. (Etter at ho døydde, lykkast det Walt Disney i 1954, å sikre seg rettane til alle Baum sine bøker, med unntak av den første.)

I 1938 kjøpte Metro-Goldwyn-Mayer opphavsretten til Oz-bøkene. Dei var overtydde om at dei hadde gjort ein god handel. "Verda er mogen for Oz", meinte ein i MGM, "...det forferdelege presset som vi no lever under, med daglege nyhende i radioen om aukande fare for

krig, streikar, redsler både heime og ute, har øydelagt vår gamle livsglede."

MGM sikra seg også alle tidlegare versjonar av stykket og brukte 12 forfattarar for å pusle saman eit manuskript dei kunne seie seg nøgde med. I tillegg engasjerte dei E. Y. Harburg og Harold Arlen til å skrive songtekster og musikk. Og likevel har det aldri eksistert noko ferdig filmmanuskript. Under produksjonen arbeidde dei vidare med teksta. Det vart stroke og føydd til heile tida.


Det Norske Teatret si dramatisering byggjer altså ikkje først og fremst på ei dreiebok, men på filmen, slik han står fram på lerretet.




L. Frank Baum
rundt 1905.



Teikningane til dei første bøkene
var laga av W. W. Denslow



*Ding dong! No er ho død.
Kven er død?
Vår heks er død.
Nei, vi er ikkje sprø.
Kom deg opp og gnag ditt brød!
Gle dykk! Den vonde heks er død.
Ho er der dei vonde vetter er,
Ned' der, ned' der.
Tjo-ho! Vi opnar opp og syng.
Og klokka blir med.
Ding dong! Vi syng det fjågt.
Syng det høgt,
syng det lågt,
syng det ut: vår vonde heks er død.*







Trollmannen blir filmsuksess

I 1939 gjekk dei i gang med opptaka til ein musikalversjon av Trollmannen frå Oz. Bakgrunnen for dette var at ein av dei mest kjende produsentane i Hollywood - Arthur Freed - gjenreiste musikalen som filmgenre.

Trollmannen frå Oz var den første i ein serie av musikalar som Arthur Freed sette i gang for Metro Goldwyn Mayer (MGM), produksjonsselskapet med den brølende løva som varemerke. Shirley Temple var tiltenkt hovudrolla som Dorothy Gale. Ti år gammal var den blonde krølltoppen på høgda av sin stjernestatus. Denne yndige jentungen,

kledd i blondkjolar medan ho dansa og song, var inkarnasjonen av det amerikanske jenteidealet, alle mødrers draum om den perfekte dottera. Men Shirley Temple var ikkje tilgjengeleg, og Judy Garland fekk rolla. Som 13-åring hadde ho fått filmkontrakt hos MGM. Den lubne, storøygde jentungen var på

mange måtar den rake motsetninga til dokkelisa Shirley Temple, og det var Judy Garlands røyst som imponerte. Ingen visste om ho kunne spele da ho skreiv under kontrakten, men ho vart stjerne over natta med *Trollmannen frå Oz* i 1939.


Trollmannen frå Oz hadde premiere i USA i august dette året, og vart straks ein suksess, jamvel om kritikken var blanda. I september braut 2. verdenskrigen ut i Europa, og filmen forsvann frå kinoduken. Ti år etter vart *Trollmannen* på nytt send ut på amerikanske kinoar, og no byrja den økonomiske suksessen. Men den verkelege suksessen for filmen kom først da han vart vist på riksdekkjande amerikansk fjernsyn i 1956. Frå da av vart han eit årleg ritual, og dermed ein viktig del av kvardagen til generasjonar av amerikanske born, slik bøkene hadde vore det. Til Noreg kom *Trollmannen frå Oz* i 1940, men p.g.a. krigen vart filmen raskt inndregne og beslaglagt. Sidan har

NRK vist filmen ein gong i 1978 og ein gong til i 1987.

Kvifor vart filmen så populær?

Det hadde vore nedgangstider i USA, arbeidsløse, fattigdom og naud prega kvardagen til vanleg folk. I Europa truga krigsskyene.

Musikalen var ei populær filmform, og draumefabrikken Hollywood gjorde gjerne sitt til at folk kunne sleppe vekk frå den gråe kvardagen. *Trollmannen frå Oz* vart den største sensasjonen sidan Disneys *Snøkvit og dei sju dvergane*, og det var eit kjempeløft i produksjons-samanheng. Heile 9 000 skodespelarar vart engasjerte, 29 filmstudio var i bruk. Filmene har 3 210 kostyme, skapt av motekongen på den tida, Adrian, som gav fantasien fri flukt der han kledde opp det mangslungne folket i Oz. Jack Dawn stod for dei vanskelege maskene; han gjennomførte 8 428 sminkingar. Arnold Gillespie, mannen bak spesialeffektane, kunne praktisk talt



Frå filmen ser vi Judy Garland som Dorothy saman med Ray Bolger og Jack Haley.

ha teke livet av Heksa frå vest. Skodespelaren Margaret Hamilton vart fleire gonger stygt forbrend av det eksplorative pulveret som vart brukt når ho dukka opp eller forsvann frå scenen. Ho var så lei påkjenningane at ho til sist nekta å spele inn ein scene der ho skulle skytast gjennom lufta på eit kosterkaft. Hennar stand-in, Betty Duke, måtte til pers. Den stakkars kvinna heldt bokstaveleg talt på å gå gjennom studiotaket. Ho hamna i sjukeseng i to veker, og restane at kosterkaftet vart først funne månader seinare.

Forteljinga om vesle Dorothy byrjar i svart/kvitt - det er når ho kjem til Oz at verda eksploderer i fargar. I 1939 vart fargefilm framleis sett på som som ei teknisk nyvinning. I boka er Dorothy's magiske skor av sølv, men manusforfattaren Noel Langley gir henne rubinraude skor - som ein gest til fotografen og fargefilmen. I 1970 vart dei raude skorne til Dorothy funne i kjellaren hos MGM. Dei vart auksjonerte bort - ein anonym kjøpar fekk dei til odel og eige for 15 000 dollar! Til samanlikning gjekk kostymet til løva for 1 200 dollar.

Dette året såg to av klassikarane i filmverda dagens lys, signerte same regissør: *Trollmannen frå Oz* og *Tatt av vinden*. Begge filmane bar Victor Flemings namn. Begge filmane vart Oscar-nominerte, men det var *Tatt av vinden* som innkasserte den gjeve prisen for beste film. Judy Garland fekk ta imot junior-Oscar. Ut over dette vart det

berre Oscar til tekstforfattaren E.Y. Harburg og til komponisten Harold Arlen for den beste filmmusikken.

I 1964 prøvde MGM å klemme ut meir av fabelen. Resultatet vart *Journey back to Oz (Reise tilbake til Oz)* - ein sjarmlaus animasjonsfilm som ikkje kom på kino før i 1974. I 1978 vart ein ny versjon av originalen skriven for Diana Ross og Michael Jackson. Quincy Jones vart Oscar-nominert for musikken.

I 1985 prøvde Disney seg på ei ny utgåve av L. Frank Baums roman *Return to Oz*; kritikarane konkluderte med at Disneyselskapet burde ha visst betre!

Vigdis Lian

Presseklipp etter filmpremièren i Noreg i april 1940:

«Noe av det mest spennende vi har vært med på, og voksne vil mere seg like godt som barna. Det bør bli en storm på kinoen i mange uker.» DAGBLADET

«Filmen må ha kostet et veldig arbeid og har også oppnådd sin hensikt, å bli noe utenom det vanlige. En fantastisk eventyrfilm.»

MORGENPOSTEN

«Eventyrfilmen, musikkfilmen og det tekniske vidunder som sikkert blir en av vårens fulltreffere også i Norge.» AFTENPOSTEN



Judy Garland

(1922 - 1969)

Judy Garland (ho heitte egentleg Frances Gumm) var dotter av omreisande artistar, og debuterte på scenen som treåring. Saman med dei to søstrene sine opptredde dei under namnet "Gum-sisters". Til Hollywood kom ho som 12-åring og hadde alt spela inn fleire filmar, blant anna med Mickey Rooney, før ho vart verdskjend med *Trollmannen frå Oz*.

Livet i Hollywood var hardt arbeid for ei tenåringsjente, lange dagar i studio og skoleundervisning i pausane.

I 1954 fekk ho Oscar for filmen *A star is Born*, der ho spela sitt eige liv.

Filmografi for Judy Garland

<i>La Fiesta de Santa Barbara</i>	MGM 1934/5
<i>Every Sunday</i>	MGM, 1936
<i>Pigskin Parade</i>	20th, 1936
<i>Broadway Melody of 1938</i>	MGM, 1937
<i>Thoroughbreds Don't Cry</i>	MGM, 1937
<i>Listen, Darling</i>	MGM, 1938
<i>Everybody Sing</i>	MGM, 1938
<i>Love Finds Andy Hardy</i>	MGM, 1938
<i>The Wizard of Oz</i>	MGM, 1939
<i>Babes in Arms</i>	MGM, 1939
<i>Andy Hardy Meets a Debutante</i>	MGM, 1940
<i>Strike Up the Band</i>	MGM, 1940
<i>Little Nellie Kelly</i>	MGM, 1940
<i>Ziegfeld Girl</i>	MGM, 1941
<i>Life Begins for Andy Hardy</i>	MGM, 1941
<i>Babes on Broadway</i>	MGM, 1941
<i>We Must Have Music</i>	MGM, 1942
<i>For Me and My Gal</i>	MGM, 1942
<i>Presenting Lily Mars</i>	MGM, 1943
<i>Girl Crazy</i>	MGM, 1943
<i>As Thousands Cheer</i>	MGM, 1943
<i>Meet Me in St. Louis</i>	MGM, 1944
<i>The Clock</i>	MGM, 1945
<i>The Harvey Girls</i>	MGM, 1946
<i>Ziegfeld Follies of 1946</i>	MGM, 1946
<i>Till the Clouds Roll By</i>	MGM, 1946
<i>The Pirate</i>	MGM, 1948
<i>Easter Parade</i>	MGM, 1948
<i>Words and Music</i>	MGM, 1948
<i>In the Good Old Summertime</i>	MGM, 1948
<i>Summer Stock</i>	MGM, 1950
<i>A Star is Born</i>	Warner Bros. 1954
<i>Pepe</i>	Columbia,
<i>Judgement at Nuremberg</i>	UA, 1961
<i>Gay Purrée</i>	Warner Bros. 1962
<i>A Child Is Waiting</i>	UA, 1962
<i>I Could Go On Singing</i>	UA, 1962


Judy Garland spela inn 121 plater



Fugleskremselet:

*Eg sku prate i ein time
så kvar fugl låg i svime.
Lære regnet rangt og rett.
Når ein klør seg i knollen,
sei'r det pling oppi bollen
når ein berre har litt vett.
Eg sku løyse kvar ei gåte
for dei som støtt må gråte
og aldri kan sjå land.*

*Om eg hadde litt forstand!
Og eg - sku seia deg
kvar havet kjem ifrå
og fått vita mangt eg ikkje veit om nå.
Og tenk på alt eg sku' forstå.
Aldri meir ska nokon kalle
meg ein tufs og tomsingskalle
og sei' eg er kje rett.
Eg sku' dansa på skyer
og fått elleville vyer
om eg berre hadde vett.*







Over regnbogen, i Smaragdbyen i det underlege landet Oz bur det ein trollmann som svært få har sett. Vi skal no ta deg med til denne trollmannen.

1. AKT

Tenk deg at du er langt ute på den amerikanske prærien, i staten Kansas.

På ein gard der bur Dorothy Gale saman med onkel Henry og tante Emily. Dei har kjøpt ein hund til henne som heiter Toto, og dei to er alltid saman.

I nabolaget bur den sinte og grinete frøken Gultch, eit skikkeleg hespetre. Ho er ute etter Dorothy og Toto heile tida fordi Toto av og til spring inn i hagen hennar. Men ingen på garden har tid til å høyre på Dorothy når ho fortel om frøken Gultch. Så Dorothy ønskjer seg

bort til ein plass utan problem.

“Ja, men eg undrar meg på om det finst ein slik plass Toto. Han må jo finnast. Ikkje ein slik plass du kan dra til med båt eller tog, nei, han er langt borte, på andre sida av månen, over regnbogen.”

Frøken Gultch har fått eit brev frå sheriffen om at ho har lov til å ta Toto og få han avliva. Dorothy protesterer, men det hjelper ikkje, frøken Gultch tar

med seg Toto. Men Toto greier å rømme, og kjem attende til Dorothy, og ho bestemmer seg for å reise heimanfrå med hunden sin.

På vegen møter dei den merkelege professor Marvel som kan lese i krystallkule og trylle litt. Han reiser rundt i ei vogn, og Dorothy spør om ho og Toto kan få bli med. Men når han ser ei gråtande tante Emily i krystallkula vil Dorothy heimatt likevel. Nesten heime kjem ho ut for eit frykteleg uver, ein tornado. Ho blir virvla av garde, men ved hjelp av Glinda, den gode hekse frå nord, hamnar ho i Munchkinland, der alle munchkiane bur.

I uveret får den Vonde hekse frå vest eit hus over seg og dør. Munchkiane blir glade og gir Dorothy dei magiske rubinskoa til hekse. Sjølv om Dorothy likar seg saman med munchkiane, vil ho likevel heim. Men da treng ho hjelp frå den mektige trollmannen frå Oz. Og for å kome seg til Oz, må ho følgje Den gule brusteinsvegen.

På vegen til Oz får ho tre venner: Først Fugleskremselet, ein lealaus og spretten fyr som seier han manglar vett og forstand, så Blekkboks-mannen som har rusta heilt fast og meiner han manglar hjarte, og til slutt den feige løva, som er så redd og lettskremd at ho ikkje tør å nyse. Løva påstår ho heilt manglar

mot. Dei blir alle med Dorothy til Oz for å få hjelp av trollmannen. Men den vonde hekse frå aust er stadig på jakt etter dei for å få tak i rubinskoa som søster hennar hadde.

Dei fire vennene legg i veg med godt humør, men hekse er sur og seier at ingenting gjer henne i så dårleg humør som godt humør. Ho tryllar fram ei eng med valmuar som får alle til å sove tungt.

Glinda, den gode hekse, hjelper dei, så dei endeleg kjem fram til Smaragdbyen i landet Oz.

PAUSE

2 AKT

Framfor den høge byporten stansar dei, og vekkjer ein sur vaktmann som seier at ingen har sett trollmannen og ingen får kome inn til han.

Men da han høyrer at det er sjølvaste Dorothy Gale som er komen, vil han melde frå med ein gong.

For å kome inn i Smaragdbyen må dei ha på seg grønne briller, elles vil strålene frå byen gjere dei blinde. Endeleg høyrer dei den skumle stemma til trollmannen frå Oz og alle blir redde, men han lovar å hjelpe dei med det dei vil ha. Men først vil han ha sopelimen til den vonde hekse.

Heksa har ein flokk med slemme

vinkiar rundt seg. Nikko, den flygande apen får beskjed om å fange Dorothy og Toto.

For å kome til hekseborga, må dei gjennom den skremmande heksekogen der spøkelse og flygande apenikkar tar Dorothy til fange. Ho blir ført til hekseborga og hekse trugar med at Toto vil bli kasta i elva dersom ho ikkje får skoa til søster si. Men også denne gongen greier Toto å rømme. Hekse vil ta livet av Dorothy for å få rubinskoa.

Dei tre vennene, løva, blekkboks- mannen og fugleskremslet, leitar etter Dorothy, og Toto viser dei vegen inn i borga. Men vinkiane og hekse når dei att og omringar dei.

Dorothy finn ut at ho kan kaste vatn på hekse, slik at ho smeltar og døy. Vinkigeneralen utnemner Dorothy til den nye hekse deira og alle hyllar henne for at ho berga dei frå hekse som hadde gjort dei til slavar. No er sopelimen deira og dei kan møte trollmannen igjen.

Men trollmannen viser seg å vere ein heilt annan enn dei trudde, ikkje trollmann i det heile tatt. Likevel får han dei tre vennene til å innsjå at dei har mot, forstand og hjartelag, og han lovar å ta Dorothy med seg heim til Kansas i ein luftballong.

Alle i Oz er komne for å ta farvel med Dorothy og trollmannen. Men nett da ballongen skal til å lette kan dei ikkje finne Toto. Dorothy drar ikkje utan

hunden sin og trollmannen stig tilvers åleine.

Glinda, den gode hekse, seier at Dorothy kan kome seg heim ved eiga hjelp. Dei magiske skoa vil føre henne heim. Ho tar farvel med vennene sine, som blir att i Munchkinland.

“Borte bra, men heime best,” seier Dorothy. Ho let att auga og ønskjer seg heim.


Ho vaknar i det onkel Henry finn henne sovande ute, kald og våt etter den



forfer-
delege
stormen. Alle er
glade for at ho og Toto er
komne til rette, men ingen forstår det ho
har å fortelje.

Slik endar eventyret om Dorothy og trollmannen frå Oz, som budde i landet over regnbogen, - der har kanskje du òg vore?


Ragnar Dyresen






Blekkboksmannen:

*Når ein mann er hol og slunken
og alt har gått på dunken,
blir han gjerne tung og tyst.
Og det er enda verre
at ein trist, rusten herre
manglar hjarte i sitt bryst.*

*Tenk å få naturleg sjarme,
mykje lys og mykje varme,
og eit hjarte fylt av lyst.
Eg blir vennleg, glad og smiler,
blir eit mål for Amors piler
med eit hjarte i mitt bryst.*







REGI **DANIEL BOHR**

SCENOGRAFI OG KOSTYME **UNNI WALSTAD**

KOREOGRAF OG ASS. REGISSØR **ANNE-LINE MØLLER**

MUSIKALSK ANSVARLEG/KAPELLMEISTER **KARI STOKKE**

I ORKESTRET: KARI STOKKE, ORKESTERLEIAR/TANGENTINSTRUMENT
ROLF MALM, TREBLÅS, PETER KATERAAS, TROMPET OG FLÜGLEHORN, HELGE HAVSGAARD
SUNDE, TROMBONE, SVENN ERIK KRISTOFFERSEN, TANGENTINSTRUMENT, SVEIN JOHANN
OSE, GITAR, PER LØBERG, BASS, GUNNAR AAS, SLAGVERK

Første premiere på Hovudscenen laurdag
28. oktober 1995
Andre premiere tysdag 1. november og
tredje premiere fredag 3. november.

Inspisient	LARS M. KOLSTAD
Teknisk produsent	TOM JUST JOHANSSON
Teknisk konstruktør	JIM FAINBERG
Maske	NINA BLOCH
Regiassistent	RAGNAR DYRESEN
Scenografi og kostymeassistent	ÅSE BERIT LITLESKARET
Repetitørar	KARI STOKKE/STÅLE SLETNER
Lys	TRYGGVE ILDAHL
Lyd	CHRISTIAN SNILSBERG/MARTIN HAGFORS
Rekvisittar/spesialeffektar	FINN KIRKEBY, KNUR-JARLE HVITMYHR, HELGE FYKSE
Hundeinstruktør	TOR SANNUM
Trylleteknisk konsulent	ERLING SOLLAND
Inspisientassistentar	VOICA D. IMRIK/NINA F. BJØLGERUD
Sufflør	TORILL STEINLEIN
Scenekoordinatorar	WALTHER MATHIESEN/TOR ARNE JOHANSEN

Scenografi, kostyme og rekvisittar er tilverka ved verkstadane på Det Norske Teatret.

Det Norske Teatret takkar for god støtte til marknadsarbeidet frå:



PÅ SCENEN MØTER DU:

Dorothy Gale

JANNECKE ØINÆS /
MARIA HAUKAAS STORENG /
HENRIETTE BRUUSGAARD

Tante "Em"
og Glinda, den gode hekse fra Nord

MARIT KOLBRÆK

Onkel Henry

og Vakt i Smaragdbyen

MAGNE LINDHOLM

Gardsguten Zeke

og Feig løve

HARALD HEIDE-STEEN JR.

Gardsguten Hickory

og Blekkboksmannen

PAUL ÅGE JOHANNESSEN

Gardsguten Hunk

og Fugleskremselet

SIGVE BØE

Frøken Almira Gultch

og Vond heks fra vest

KARI RASMUSSEN

Professor Marvel

og Trollmannen fra Oz

ÅSLEIK ENGMARK

Winkigeneralen

ARE STORSTEIN

Nikko, apeleiar

TERJE BJØRKVOLD

Tre kråker

SVENN BERGLUND, TERJE BJØRKVOLD,

PER ARNE SKAR

RUTH FASTING, KARI HÆG, WENCHE LUND

Tre epletre

I Munchkinland:

Borgarmeister

ERIK SKØLD / ANDREAS S. HANSEN

Lege

ØYVIND LØVOLD / JØRN CHRISTIANSEN

Advokat

ERIK SCHJERVEN / ESPEN WILLANDER

Tre byfedrar

CHRISS ANDRÉ SOLBERG / JAN CHRISTIAN KALTENBORN

MARIUS STENSSON / BJØRN KRISTIAN STADHEIM

ARNE WILLY JOHNSEN / ESPEN ANDRÉ SIVERTSEN

Tre småungar

INGEBORG ORA / HANNAH SOPHIE LENSING

JUANA HIORTH / AMALIE SEIP

CAMILLA HOLTE / SIGRID KLEIVA GRAMSTAD

Tre tøffe gutar

PERNILLE ØIEN / ANJA STABELL

SVEIN HALVOR ELGSTØEN / BASTIAN STABELL

HANS FREDRIK LØVOLD / HAAKON BJØRGE

Felespelar

TOMMY NARMO / AUDUN SANDEM

To skolelærarar

BOLESŁAW GLEICHGEWICHT / NILS MARTIN CRAWFURD

JACOB GLEICHGEWICHT / TOM ERIK DANIELSEN



Innbyggjarar i Oz:

ERIK SCHJERVEN / ESPEN WILLANDER
ØYVIND LØVOLD / JØRN CHRISTIANSEN,
ARNE WILLY JOHNSEN / ESPEN ANDRÉ SIVERTSEN
TOMMY NARMO / AUDUN SANDEM
PERNILLE ØIEN / ANJA STABELL

MINA LYSTAD / SIRIL HEYERDAHL

SILJE KEUBLER / SARA McDONALD BERGE

MARION ELISE RAVN / INGA SEMMINGSEN

MARIT-ELISABETH LARSEN / THEA NÆSS

MIRIAM ARENTZ / INGUNN GJERLAND

TRUDE HAGEN / BENEDICTE BRINCHMANN

CHRISTINE MATHISEN / LINN HEYERDAHL

MALIN THERESE HALVORSEN / HEIDI ANDRESEN

LINN CHRISTIN NILSSON / STINA STAXRUD

RUTH FASTING, KARI HÆG, WENCHE LUND

Tre Oz-kvinner

Tre Oz-menn

Winkiane

SVENN BERGLUND, TERJE BJØRKVOLD, PER ARNE SKAR

ERIK SKØLD / ANDREAS S. HANSEN

CHRISS ANDRÉ SOLBERG / JAN CHRISTIAN KALTENBORN

MARIUS STENSSON / BJØRN KRISTIAN STADHEIM

BOLESŁAW GLEICHGEWICHT / NILS MARTIN CRAWFURD

JAKOB GLEICHGEWICHT / TOM ERIK DANIELSEN

HANS FREDRIK LØVOLD / HAAKON BJØRGE

INGEBORG ORA / HANNAH SOPHIE LENSING

JUANA HIORT / AMALIE SEIP

CAMILLA HOLTE / SIGRID KLEIVA GRAMSTAD

Flygande aper

ERIK SCHJERVEN / ESPEN WILLANDER

TOMMY NARMO / AUDUN SANDEM

ØYVIND LØVOLD / JØRN CHRISTIANSEN

ARNE WILLY JOHNSEN / ESPEN ANDRÉ SIVERTSEN

PERNILLE ØIEN / ANJA STABELL

LINN CHRISTIN NILSSON / STINA STAXRUD

MINA LYSTAD / SIRIL HEYERDAHL

SILJE KEUBLER / SARA McDONALD BERGE

MARION ELISE RAVN / INGA SEMMINGSEN

MARIT-ELISABETH LARSEN / THEA NÆSS

MIRIAM ARENTZ / INGUNN GJERLAND

TRUDE HAGEN / BENEDICTE BRINCHMANN

CHRISTINE MATHISEN / LINN HEYERDAHL

MALIN THERESE HALVORSEN / HEIDI ANDRESEN

..... OG HUNDEN TOTO.




Spøkjelse


Glinda:

*Det er kje meir natt.
Det er kje meir skog.
Og ingen som frys.
Gå dit og få sol!
Gå dit og få lys!*

*Følg vegen mot nord
til den mest strålande plass
på vår jord, vår planet, på vår sol.*

*Hald fast på ditt hjarte,
hald fast på di von.
Hald fast på din draum.*





Løva:

*Eg er livredd for å nyse
eg blir kalla for ei pyse,
fordi eg manglar mot.
Men eg kunne gått ut ei natt
og jaga ein apekatt
om nokon gav meg mot.*

*Her går eg omkring og rotar
på sløve løvepotar.
Eg skulle hatt ei bot.
Skulle gjerne ha tatt eit brøl
og vist at eg var meg sjøl,
om eg berre fekk litt mot.*



Wenche Myhre og Ulf Wenggaard (Fugleskremset) 1965

Wenche var vår første Dorothy

For 30 år sidan spela ho sjølv Dorothy i *Trollmannen frå Oz*: No gir Wenche Myhre stafettspinnen til tre unge stjerneskot som vi nok kjem til å sjå - og høyre - meir til.

- Om eg har nokre gode råd til jentene? Det er vel heller eg som burde spørje dei til råds, humrar Wenche, som var den første Dorothy her til lands.

Denne hovudrolla er evig knytt til barnestjerne-fenomenet, etter at Judy Garland i 1939 fekk sitt definitive gjennombrot i den klassiske film-musikalen *The Wizard of Oz*.

17-årige Wenche Myhre var også ein erfaren artist da ho fekk Dorothy-rolla i framsyninga i Folketeatret (Operaen) i 1965, produsert av Det Nye Teater. Våre tre Dorothy'er av i dag er heller ingen noviser på dei skrå breiddene: Jannecke Øinæs (15) debuterte sju år gammal som vesle Cosette i *Les Misérables* her på Det Norske Teatret, og har sidan bortimot hatt ei musikal-hovudrolle i året.

Maria Haukaas Storeng (15) delte tittelrolla i *Annie* med Jannecke på Bryggeteatret i 1991, ho medverka i Arvid Hansen-musikalen *Ekkoet frå blåhula*, nordpå i vår, og ho har turnert med sitt eige band, City.

Henriette C. Bruusgaard (13) var heller ikkje meir enn åtte år, da ho spela Pepper i *Annie*. Sidan vart det *Gummi-*

Tarzan, *Bugsy Malone*, Marte i *Mormor og de åtte ungene*, saman med Anne-Cath Vestly på Oslo Nye Teater.

Dessutan har alle rokke å spele inn plater; dei har medverka i fleire radio- og TV-program - og spørsmålet som melder seg, er sjølv sagt:

- *Er draumen å gå i Wenche Myhre sine artistiske fotefar?*

Samstemmige nikk rundt bordet. Sjølv techno-generasjonen ser opp til Wenche Myhre, må vite.

-Eg kjem nok til å satse på teatret som leveveg. Helst musikalar. Eg tykkjer mest eg ikkje kan noko anna, seier Jannecke - og smiler breitt - vel vitande om at slikt grensar til koketteri, når ein knapt er konfirmert.

-Eg har lyst til å utvikle songen, og først og fremst prøve ein musikalsk karriere, seier Maria.

-Eg har òg tenkt å halde fram med teater, men ikkje berre song og dans. Eg har lyst til å bli vanleg skodespelar, eg, seier Henriette.

-*Korleis er Dorothy?*

-ÅÅÅhhh... ho er så grenselaust naiv, sukkar Jannecke.

-Jaaaa, ho er så....skikkeleg!, så godt oppdratt, liksom, skyt Maria inn.

-Godt oppdratt - er det eit problem...?

Ja, ja. Det var kanskje noko som fall oss meir naturleg, den gongen for lenge, *LENGE* sidan, skrattar Wenche.

-Utruleg, forresten at teatret har funne



Ulf Aas var på premièren i 1965 og laga denne teikninga til *Aftenposten*.

tre såpass mørke jenter. Men de skulle vore blonde, ikkje sant - typisk skandinaviske Dorothy'er. Hadde ikkje det vore ein artig vri? spør ho.

Jentene fniser. Og sprutar ut i latter:

-Vi var blonde. Naturell! Men no har vi farga håret, Jannecke og eg, medan Henriette brukar parykk, avslører Maria.

-Har de fått ein snill hund?, vil Wenche vite. Det har Dorothy'ene. To stykke, faktisk. Begge terriarane er spesial-trente til oppgåva: å få publikum til å logre.

-Bikkja vi brukte, var også flink - stort sett. Men heilt upåliteleg. Det var suffløren sin hund, ein liten bordercollie, og rett som det var kunne han finne på å stikke bort til matmor. Da hjalp det

ikkje same kor mykje vi ropte og lokka, hugsar Wenche.

Medan Maria gjorde seg ferdig med grunn-skolen i vår og flytta frå Senja til hovudstaden, går Oslo-jentene Jannecke i niande og Henriette i åttande klasse.

-Korleis er det å vere småkjendisar på skulen?

-Det går greitt no, takka vere gamle, gode venner, seier Jannecke, men vedgår at det til å byrje med var sjalusi-episodar ho gjerne kunne klart seg utan.

Wenche skjønar. Dette kan ho alt om.

-Det var vennekrinsen min på Grefsen, der eg budde, som skjerma meg, når det bles som verst, fortel Wenche. Dei gode vennene held ein dessutan nede på jorda, om alle andre skulle finne på å ta av.

-Eit par ord på vegen til jentene, Wenche?

-Eg har to grunnleggjande råd: Følg instinkt og lysta. Artistlivet er noko du MÅ vilje - meir enn 100 prosent. Du må faktisk vere viljug til å ofre noko. Det er det eine. Det andre er: Dersom du kjenner at denne sterke viljen forlet kroppen din, gjer for Guds skuld noko anna!

-Ein fordel med å vere såkalla barnestjerne, er at ein tidleg skjønner ein




Her har Maria Haukaas Storeng, Jannecke Øinæs og Henriette Bruusgaard fått besøk av Wenche Myhre under dei avsluttande prøvene på scenen.

del tingr. Derfor blir det enklare å takle alt oppstyret, om ein brått skulle bli meir berømt. Når alt dette skjer i yngre år, blir det ein naturleg del av livet. Du blir van med å ta kritikk og ros for det det er verdt, og let det ikkje påverke deg som privatperson, meiner Wenche.

-De synest ikkje alt oppstyret, eller det å stå på ein scene er det minste flautt, altså?

-Frk. Henriette Cecilie Bruusgaard set eit par talande auge i intervjuaren og parerer årets mest megateite spørsmål: -Da hadde vi nok funne noko anna å gjere.

YK



Trollmannen frå Oz har vore spela på mange teater verda over. Her har vi samla nokre bilete frå norske teater.

Over ser du Marit Kolbræk (som i kveld spelar Tante Em og den gode heksa Glinda) saman med dei tre vennene sine på Rogaland Teater i 1975.

I midten frå Trøndelag Teater med Wenche Strømdahl som Dorothy i 1986.

Nede er det Agnethe Haaland som Dorothy i Riksteatret si framsyning frå 1991.




*Ho ho ho! Ha ha ha!
Ein fire fem tra la la la
det er slik vi ler ein dag i hel
i det lystige landet Oz*

*Bom bom bom!
Hei hei hei!
Og ein fire fem dudelidei
det er slik det går med song og kos
i det lystige landet Oz*

*Vi står opp før tolv.
Tar til å jobbe eitt.
Så ein times kvil.
Og så er allting greitt.
Her har de det gøy.*

*Ho ho ho!
Ha ha ha!
Ein fire fem tra la la la
det er slik vi ler ein dag i hel
med eit a ha ha, ko ko kos
i det lystige landet Oz*





No skal vi til ein trollmann
den strålende Trollmannen frå Oz.
Han trollar bra
og tryllar så glad.
Han er ein einaste kos.
Ein såmann, ein spåmann som han
finst berre hos dei her i Oz,
og det fordi, fordi, fordi, fordi, fordi, fordi,
fordi han er Trollmannen kos i Oz.

No skal vi til ein trollmann,
den strålende Trollmann frå Oz.

Barnestjerner på lerretet

16 gammel vart Judy Garland stjerne over natta. Men både som filmstjerne og i privatlivet følgde ei rad turbulente år. Ho gjorde eit strålende come-back i George Cukors *A Star is Born* (1954), men det er for rolla som Dorothy Gale ho for alltid vil ha ein plass i folks hjarto.

Hollywood har skapt mange barnestjerner. Somme vart verande fordums barnestjerner, andre klarte tilsynelatande den kompliserte overgangen til voksenalivet. Hollywood-yndlingen framfor alle i ein tiårsperiode, Shirley Temple, var ikkje lenger interessant da ho nådde tenåra. Mickey Rooney som hadde spela sidan han var to og som både av vekst og utsjånad såg ut som ein gutunge langt inn i tenåra, fekk sin første Oscar som barneskodespelar i *Boys Town* (1938) - da han var 18 år gammel. Så seint som i 1979 fekk han ein Oscar-nominasjon for beste birolle i *The Black Stallion (Den svart hingsten)*.

Elisabeth Taylor vart internasjonal stjerne som 11-åring i *Lassie come home* (1943), ein posisjon som vart enda meir forsterka i hestefilmen *National Velvet (Over alle hinder)*, 1945).

I moderne filmhistorie er Jodie Foster eit døme på at ein tilsynelatande

vanskeleg veg frå barne- til vaksensko- despelar er mogleg å gå. Ho debuterte ti år gammel i Disneys *Napoleon & Samantha (Napoleon & Samantha på eventyr i villmarka)*, 1972), men vart først sterkt lagd merke til i Martin Scorseses *Taxi Driver*. Andre viktige rolletolkningar såg vi i *Alice doesn't live here any longer (Alice bur ikkje her lenger)*, 1973) og barnegangsterfilmen *Bugsy Malone* (1976). Sidan har ho tilhøyrt A-laget av kvinnelege skodespelarar.

Film-yndlingen Macauley Culkin (*Åleine heime, My Girl* o.a.) har i ein periode vore ein av dei best betalte skodespelarane, men forsyner i dag vekeblad og aviser med stoff om grådige foreldre som skaper vanskelege leve- og arbeidstilhøve for den unge skodespelaren. Drew Barrymore var fem år da ho debuterte som barnestjerne; som sjuåring sjarmerte ho ei heil verd som veslesystema i Steven Spielbergs *E.T. the Extra Terrestrial*. Frå ho var 11, var ho framsidestoff, der lesarane fekk seg fortalt om ein barndom som var prega av piller, stoff og alkohol. I dag er ho tilbake som seriøst arbeidande skodespelar.

Noreg har ikkje hatt den same tradisjonen for dyrking av barnestjerner. I nokon grad vart unge artistar også etterspurde skodespelarar, t.d. Wenche Myhre (*Elskere* 1963, *Operasjon sjøsprøyt*, 1964, *Hjelp, vi får leilighet*, 1965), Grynet Molvig (*Sønner av Norge*, 1961, *Operasjon Løvsprett*,

1962, *Sønner av Norge kjøper bil*, 1962, *Stompa forelsker seg*, 1965, *Døden i gatene*). I den grad det kan seiast at vi har hatt noka barnestjerne, bør Lille-Grethe (Kausland) nemnast. Ho debuterte i 1957 i *Selv om de er små*, og gjorde si store rolle i Ivo Caprinos spelefilmdebut *Ugler i mosen* (1959). Ho fekk rolla fordi ho var kjend og ettertrakta som barneartist, med scenesjarm og tydeleg talent. Slike element tyder noko for publikums-interessa for ein film, jamvel om norsk- og nordisk - filmproduksjon aldri har vore nokon stjernefabrikk. Aleidis Skard som gjorde djupt inntrykk som flyktning-jenta Toya i filmen frå 1956 og i oppføl-gjaren *Toya og Heidi* (1957), var det kanskje ikkje mange som hugsa ti år etter, medan Magne Ove Larsen som song Eventyrvisa, overlevde som ei slags stjerne takka vere Ønsjekonserten!

Ole Enger, som spela Stompa i tre av i alt fire filmar om livet på Langåsen pensjonatskole, forsvann ut av syne etter den siste, *Himmel og Hav* (1967), der Stompa drar til sjøs. (Rolv Kirkvaag jr. var den første Stompa.) Det næraste vi kjem i popularitet når vi samanliknar med Stompa-serien, er Pelle og Proffen-filmatiseringane. Haavard Bakke og Tommy Karlstad som dei unge detektivane fekk ein viss stjernestatus, vart sett opp til av unge jenter og skreiv ein del autofografar. Men to år etter siste filmen, *De blå ulvene* (1993), er dei tilbake i eit normalt liv og lever som unge menneske flest.





Oppe: Judy Garland i filmen *Love finds Andy Hardy* frå 1938.

Midten: Elisabeth Taylor i *Lassie come home* frå 1943.

Nede: Macauley Culkin i *Home Alone* frå 1990.

Når ein tenkjer på dei rundt 55 norske barne- og ungdomsfilmane som har vorte produserte, er det ikkje mange born og unge som har vorte styrtrike, kome med i kommersialiseringa eller har fått barndomen styrt inn i eit liv ingen til sjuande og sist misunner dei.

Vigdis Lian



Oppe: Grete Kausland i *Ugler i Mosen* frå 1957.

Nede: Ole Enger i *Stompafilmen Himmel og Hav* frå 1967.





Tornado - eit farleg vèr!

Ein tornado er noko av det mest voldsomme som finst! På få minutt kan han byggje seg opp til ein virvel med fart på opptil 500 km/t. Tre og hus blir øydelagde. Hus og bilar eksploderer på grunn av lufttrykket, tak blir kasta av, gjenstandar blir løfta og knust når dei dett ned igjen. Små ting blir kasta av garde som prosjektil. Ei historie fortel om ein mann som vart virvla 100 meter opp i sentret av tornadoen og kasta 100 meter vekk frå huset der han hadde søkt ly, og overlevde!

Som dei fleste andre vèr-fenomen oppstår også tornadoane ved store motsetningar mellom varme og kalde luftmassar over eit lite geografisk område. Lufta må dessutan vere særskild fuktig og ustabil. I Amerika er det ofte slik at varm og fuktig luft strøymar inn frå Mexicogulfen. Kaldluft kjem frå Stillehavet via Rocky Mountains og legg seg over varmlufta. Denne lagdelinga er særskild ustabil, og den kalde lufta kjem veltande ned mot jorda medan den varme fuktige lufta stig til vers med stor fart. Den varme lufta slår hol gjennom kaldlufta, blir sugd inn i holet og stig opp med ein enorm fart.

Frå 1960 til 1970 vart det i USA registrert 7428 tornadoar, og fleire enn 1000 menneske vart drepne. Den verste tornadoen i historia øydela fleire mindre byar, drap 689 menneske og såra 1980. Dette var i 1924. I dei verste tornadodistrikta i USA, som Kansas, kjem minst ein tornado kvar sommar. Her går det alarm til dei truga områda over radio og fjernsyn så snart ein tornado er observert eller det kjem mistenkelege skyer på radarskjermen.












Vegen mot scenen

For to år sidan bestemte teatersjef Otto Homlung at vi skulle spele *Trollmannen frå Oz*.

Daniel Bohr, som har regien, og Unni Walstad, som har laga scenebiletta og kostyma, tok til å arbeide med stykket i oktober 1994.

I mars 1995 hadde vi audition for å finne dei tre som skulle dele på å spele Dorothy, og dei 50 barna som skulle få vere med på scenen. Under prøven måtte alle synge og vise noko dei var flinke i. 350 barn kom, men mange måtte gå skuffa heim.

I august starta prøvene, og framsyninga er resultat av hardt arbeid frå skodespelarar, musikkarar, teknikarar, syarar, snikkarar, maskørar osb. Meir enn 200 menneske har vore involvert i *Trollmannen frå Oz* på Det Norske Teatret.



Desse står bak denne Trollmannen

Daniel Bohr - regi



Daniel Bohr - namnet - får dei fleste til å tenkje energi, teater - feiande flott musikk-teater, og barn. Sidan han kom til landet for ti

år sidan, har han arbeidd med store teaterproduksjonar som har trekt hundretusenvis av unge og gamle publikummarar. Frå Chateau Neuf gjekk folk heim nynnande på melodiar frå *The Sound of Music*, *Hello Dolly* og ikkje minst *Oliver*. På Familieteatret på Aker Brygge produserte han og sette i scene *Annie*, *Godspell*, *The Sound of Music* ein gong til, og laga scenografi og kostyme til *Bugsy Malone*. Han har funne og hjulpet fram mange lovande talent, og tatt dei med til stadig større oppgåver. Ei liste over alle Daniels internasjonale teater, opera, operette og musikalprosjekt ville fylt resten av programmet. Han har arbeidd på mange store scenar over det meste av Europa, vore teatersjef, operasjef og direktør for Festsjellene i Bergen. Repertoaret hans strekkjer seg frå *La Traviata* og *Aida* av Verdi til *Anything Goes* av Cole Porter

eller Aristofanes *Lysistrata*. Berre det siste året har han sett i scene *Gertrude Stein* på Det Ny Teater i København, produsert TV-show i Chile og Mexico, laga scenografi og kostyme til *Bugsy Malone* på Privat Teatret i København. Medan han i eit heilt år har førebudd seg på *Trollmannen frå Oz* har han arbeidd med å førebu *Annie* på Amagerscenen i København og *Rigoletto* på Nasjonaloperaen i Warszawa.

Dette skulle klart vise kva for ein teaterkapasitet som gjestar oss på Det Norske Teatret.

UNNI WALSTAD - scenografi og kostyme



Unni Walstad er utdanna scenograf og kostymeteiknar frå Statens handverk og kunstindustri-skole (Klær og kostymelinja)

og frå Croyden College of art and design, England (scenografilina). Ho har ei rekkje scenografioppgåver bak seg, og dei som har vore ivrige familieteatergjester her på teatret, har dei seinare åra sett hennar dekorasjonar og kostyme i både *Emil i Lønneberget*, *Pippi Langstrømpe* og *Bamsen er borte*, men ho har også hatt ansvaret for mellom anna *Cabaret Bécaud* (1989), *Hei Rappaport* (1988) og ungdomsstykket *Framtida er avlyst* (1993). Unni har vore involvert i ei rad teaterproduksjonar rundt om, mellom anna *Godspell* på Den Nationale Scene i Bergen (1983) og same stykke på ABC teatret og Chat Noir i Oslo (1983-84). Ho hadde scenografi og kostyme til Bjørneboes *Til lykke med dagen* på Centralteatret (1986) og til *God dag dikter Arild*, også på Centralteatret (1988), og ho hadde scenografien til *Huset i skogen* på Oslo Nye Teater (1993). I tillegg til dette har ho deltatt på fleire utstillingar. Dekorasjonen og kostyma til *Trollmannen frå Oz* er den største oppgåva Unni Walstad har hatt, og det har tatt over eitt år å tenkje ut, skisse, teikne og få laga det de ser på *Trollmannen* i kveld.

ANNE-LINE MØLLER - koreografi



Anne-Line Møller er utdanna hos Eva Haalke og Mette Møller. Ho dukka første gong opp som profesjonell dansar som 15-

åring i *Brød og Cirkus* på Chat Noir. Deretter fekk ho eit tre-årig engasjement på Riksteatret. Anne-Line har vore knytt til Oslo Nye Teater, Chateau Neuf og NRK, og ho har spela i *La Cage aux Folles* og *Hello Dolly*. På Det Norske Teatret starta det med *Cats*, der ho spela Anne Panneflekk, ho var med i *Les Misérables*, *Spelemann på taket* og *Den Stundselause*. Anne-Line har arbeidd med Daniel Bohr på Bryggeteatret og Familieteatret med

bl.a. *Annie* og *Oliver* og som koreograf på *Godspell*, *Gummi Tarzan*, *The Sound of Music* og *Bugsy Malone*.

KARI STOKKE - musikalsk leiing og kapellmeister



Sjølv om det er musikksejeren ved teatret, Egil Monnlversen, som har arrangert musikken, så er det Kari Stokke som

har stått for innøvinga og som kvar kveld dirigerer orkestret.

Ho er ei av dei som ikkje kan setjast i bås. Ho trivst med mange oppgåver. Det kan vere som akkompagnatør, arrangør, repetitør eller kapellmeister. Eigenskapane som repetitør eller prøvepianist gjer henne nesten unik i Noreg. Ho er denne merkelege blandinga av "skriftemor", psykiater, fødselshjelpar og diktator som gjer prøvetida hard, men utruleg innhaldsrik. Ho veit korleis ho skal få det beste ut av songaren - ja, sjølv ikkje-songaren. Frå ho dukka opp i norsk teaterverd etter ferdig musikkutdanning i Wien, har ho vore intenst aktiv i sitt fag. Og er det sett opp eit musikkteaterstykk her i landet, finn ein henne nesten garantert ført opp i programmet i ein eller annan funksjon. Dei spesielle evnene hennar har gitt henne mange oppgåver i TV, mellom anna som fast medarbeidar i suksess-seriar som "Si det som det er", "Musikkspill" og

"Wesenstund". I dei seinare åra har ho utvida arbeidsområdet sitt til òg å gjelde musikalar i Sverige og Danmark.

Og disse står på scenen


Jannecke Steinfeldt Øines (15)



Jannecke starta tidleg og debuterte alt som sjuåring som vesle Cosette i *Les Misérables* på Det Norske Teateret 1988. Sidan har det gått slag i slag med hovudrolle i *Annie* på Bryggeteatret i 1991/92,

Oliver på Chateau Neuf i 1992, *Gummi Tarzan* i 1993, *Sound of Music* i 1993 og *Bugsy Malone* i 1994, alle på Bryggeteatret. I tillegg har ho vore med i ei rad tv-program, sommarshow på Tusenfryd, plate og barne-tv med May-Britt og Per Inge Torkelsen mm.

Maria Haukaas Storeng (15)



Maria kjem frå eit rikt musikkmiljø på Senja. Ho viste tidleg song og skodespelartalent, og var "pendlar" da ho var ei av dei 4 som delte hovudrolla i *Annie* på Bryggeteatret i 1991/92.

Maria har hatt eige show med popgruppa City og reiste på turné med dette i Nord-Noreg i 1992. Sist vår var ho med i ein ny musikal av diktaren Arvid Hansen: *Ekkoet fra blåhula*. Ellers har Maria vore med på i mange musikk-samanhengar, plate, tv-radio mm.

Henriette Cecilie Brusgaard (13)



Henriette er Oslojente som tidleg kasta seg på teaterkarusellen. Alt som åtteåring var ho med som Pepper i *Annie* på Bryggeteatret i 1991/92. Så vart det *Gummi Tarzan* på Bryggeteatret i 1993 før *Mormor og de åtte ungene*

på Oslo Nye Teater i 1993/94 og *Bugsy Malone* på Bryggeteatret i 1994. Henriette har

elles vore med i fleire sommarshow på Tusenfryd, sunge i NRKs jentekor og vore med i fleire tv-program.


SIGVE BØE



Sigve Bøe er ein viktig baneveier i musikkteatret - som skodespelar og songar! Han hadde nyleg permisjon frå Det Norske, og gjesta Rogaland

Teater med stor suksess som Tevje i *Spelmann på taket* og som Tartuffe i *Tartuffe*. Han har vore knytt til Nationaltheatret og Hålogaland Teater og arbeidde frå landsende til landsende med frie grupper, på film og i fjernsyn. Han skriv skodespel og han instruerer, lagar plater og fjernsynsprogram. Som skodespelar spenner Sigve frå politisk satire til karakterskildringar - han har eit heilt spesielt tak på barn - mange kjenner dei tallause kattane hans. I musikkteatret har vi møtt han som teaterkatten Guess i *Cats*, i *Les Misérables*, *Jesus Christ Superstar*, *Faust* i *Operafantomet*, *Draumkvedet* og *Charleys tante*.

PAUL ÅGE JOHANNESSEN




Paul Åge Johannesen har medverka i mange av dei store musik al oppsetjingane dei seinare åra. Det byrja med rolla som Javert i *Les Misérables* i 1988, vidare var han

med i *Jesus Christ Superstar*, *Sweeney Todd*, *Den Stundeslause*, *Elvira Madigan* og *Draumkvedet*.

Paul Åge har solid musikkutdanning bak seg både som songar og pedagog frå Musikkhøgskolen og Operahøgskolen. Debuten kom på Den Norske Opera i *Boris Godunov*. Han har og gjort roller som Mefistofeles i *Faust*, i *Evita*, *Mysteriet Makropoulos* og i *Flaggermusen*. Han var på Riksteatret i to år som songar og skodespelar, og har arbeidd som lektor ved Ringerike Folkehøgskole. Han

har vore å høyre i radio og TV, konsertar, cabarear, revy, oratorium og messer.

HARALD HEIDE-STEEN JR.



Harald Heide-Steen jr. er kjend både som revykodepelar, forfatter og frilans i både teater- og filmsamheng. Bakgrunnen hans er allsidig: debuterte som skodespelar i 1951, hospiterer i Paris og London innfor faget fjernsynsregi i perioden 1960 til -61. Han har vidare arbeid som tv-inspisient og tvprodusent, skodespelar, instruktør og forfatter. Han har arbeid på mellom anna Oslo Nye, ABC, Chat Noir, Trøndelag Teater, Riksteatret, Centralteatret og Lysthuset.

Harald Heide Steen jr. vart heidra med Leonardstatuetten 1985, Spelemannsrisen 1978, Mention (Montreux 1965), Lion d'or (Cannes 1966), diverse gull-, sølv- og platinakassetar. Oslo By's stipend 1984.

KARI RASMUSSEN



Kari er skodespelar og songar. Ho debuterte etter utdanninga i Wien og vart engasjert 4 år i Tyskland der ho spela store roller som Mimi i *La Boheme*, Michaela i *Carmen* og Orpheus i *Euridike*. Ho gjesta samstundes på Den norske Opera som Desdemona i *Othello*.

Våren 1968 kom Kari til Det Norske Teatret. Det byrja i *Spelemann på taket* og *Mannen frå La Mancha*, så kom *Zorba*, *Menneskerøysta* og *Ungen*, ei rad Prøysekabaretar før rolla som Grisabella i *Cats*. Kari har vore med i *Operafantomet*, *Tolvskillingsoperaen*, *Den skallete songarinna*, *Mio, min Mio*, *Den Stundeslause*, og *Charleys tante*. I tillegg har ho vore med i *Sound of Music*, *Hello Dolly*, *La Cage aux Folles*, *My Fair Lady* og *Lån meg en tenor* på Chateau Neuf.

Kari har spela i filmar, vore TV-portrettert i *Si*

det som det er med Harald Tusberg og hatt roller i *Jacob von Thyboe* - ein Holberg-musikal - i TV. I 2 år gjesta ho i Bergen med m. a. *Det er jo mitt show!*

MARIT KOLBRÆK



Marit Kolbræk har nyleg hatt stor suksess med si eiga framsyning bygd på *Haugtussa* av Arne Garborg, med Øyunn Groven Myhren og Odd Lund.


Marit gjekk teaterskolen ved Rogaland Teater. Så kom ho beinveges til Det Norske Teatret og var premiere-elev her i 1972. Sidan har ho vore her, med eit kort avbrot da ho gjesta Oslo Nye og Riksteatret ein sesong. Marit er ein av dei sentrale pilarane i ensemblet på Det Norske. Ho er skodespelar, ho syng og dansar. Ho har vore med på eksperimenta, dei klassiske satsingane og musikkteatret. Ho har spela store roller i *Når kjem du att*, *Red Ryder* og *Kom tilbake Jimmy Dean*, ho har dansa i *West Side Story*, har vore med når vi har gjort Prøysestoff; i *Trost i taklampa*, *Kjem du i kveld*, *Når groværet kjem* osv. Ho var med i *Ernst Rolf*, var sentral i *Piaf*, spela Golde i *Spelmann på taket*, var inne i Sondheims *Det er jo mitt show*, sentral i *Les Misérables*, *Sweeney Todd*, *Kongsemnene*, *Tolvskillingsoperaen*, *Emil i Lønneberget*, *Draumkvedet* og i *Charleys tante*.

MAGNE LINDHOLM



Magne Lindholm er alltid med når det er musikk på gang. Hans songrøyst har gledd publikum på Det Norske Teatret sidan 1970, mellom anna i *Bør Børson jr.*, *Så lenge skuta kan gå*, *Piaf*, *West Side Story*, *Trost i taklampa*, *Les Miserables*, *Operafantomet*, *Tolvskillingsoperaen* og *Draumkvedet*. Men han har og hatt ei rad dramatiske roller undervegs som t.d i *Det gode*

menneske i Sezuan, *Kong Lear*, *Galileis liv*, *Keisar og Galilear*, *Kongsemnene* og *Gaukerei*.




ÅSLEIK ENGMARK

Åsleik Engmark er velkjend for det store publikum gjennom NRKs seriar EGENTLIG og som "opp-og-stå" komikar. Åsleik har og lang fartstid frå

Lompelandslaget. Han har vore med i *Skatten på Sjørøverøya* på Chateau Neuf, på turné med Sigve Bøes *Og folket synger i gatene*, spelt *Scrooge* på Teaterverkstedet. Denne hausten kan du og sjå han som Basil i NRK Dramas familiekriminal *Jakten på Mauritsius*. På Det Norske Teatret har han vore tilsett frå 1990, men byrja som freelance alt i 1988 med *Les Misérables*, så gjekk han rett inn i ei hovudrolle som Mickey i *Blodsbrør*. Vidare held han fram i kjempesatsinga *Merlin* - i ei rad svært ulike roller i løpet av dei seks timane framsyninga vara. Så kom *Cabaret Bécaud*, og vidare Judas og Simon i *Jesus Christ Superstar*, han spela hundane Lady og Frankie Boy i *Ein utstoppa hund*, og var med i *Sweeney Todd*, *Kjære Jelena*, *Pippi Langstrømpe* og han spela Mio i *Mio min Mio*.

På scenen møter du i tillegg 50 barn, Are Storstein som Winkie-general, og sjølv sagt dei seks dansarane våre, Svenn Berglund, Terje Bjørkvold, Ruth Fasting, Kari Hæg, Wenche Lund og Per Arne Skar som alltid er med i dei store musikkteatersatsingane på Det Norske Teatret.



Det Norske Teatret - eit nasjonalt teater.

Det Norske Teatret er landets største dramatiske teater når ein reknar tal på tilsette, framsyningar, publikumsbesøk og budsjett. Med sin språklege formålspara-graf og det faktum at teatret frå 1995 fullt og heilt vil få løyvingane sine frå staten, er det også eit nasjonalt teater.

I repertoarprofil er vi først og fremst eit norsk/nordisk teater der over halvparten av dei framførte dramatiske verka har nordiske forfattarar som opphavsmenn. Opp i gjennom historia har teatret hatt eit breitt samansett repertoar med alt frå folkekomedie og musikkspel til moderne eksperimentell dramatik, og ved å nytte dialektfargar saman med nynorsknormalen, har skodespelarane utvikla eit frodig scene-språk som kjem publikum i møte i pakt med dei beste tradisjonane i teatret.

Hovudscenen femnar alt frå moderne dramatik til klassikarar og store musikkspel. Scene 2 har ny norsk og internasjonal dramatik som sin hovud-profil.

Teater for barn og ungdom, og familieteater står sentralt i heile repertoaret.

230 tilsette utgjer eit profesjonelt fagmiljø på høgt nivå innanfor alle yrkesgrupper.

Publikumsbesøket på teaterframsyningane ligg på over 200.000 pr. år fordelt på om lag 15 produksjonar. Saman med all den andre aktiviteten, som Lunsj & Lyrikk, utstillingar, selskap m.m., blir talet det dobbelte. Budsjettet for teatret er på om lag 100 mill. kroner.

HØRESPILL



I LØRDAGS-
BARNETIMEN
HVER LØRDAG KL 17



Festival - hele året til Danmark



Mangfold og valgfrihet finner du ombord i Danmarksbåten M/S Color Festival. Legg inn en strak tango i Dancing Palace, dra en slowfox og nyt utsikten i Panorama Bar eller rist løs med litt dance i Fun Fun Disco. Piff opp med spenning i Casino, plei kropp og sjel til muzak i badeavdelingen eller hopp i bassenget ombord og svøm mot strømmen over Skagerrak. Det er Festival!

Når appetitten pirrer er det meksikansk i Casa

Margarita, italiensk på Trattoria Riviera, internasjonalt i Captains Grill, enkelt i kafeterian og muligheter for å skeie helt ut i «det kolde bord» på Buffet Veranda. Det er fortsatt Festival!

Uansett reisens hensikt - 23 timers cruise, kurs og konferanse, firmafest/jubileum, til og fra Danmark på ferie. Color Festival har avgang fra Oslo hver dag kl.19.30. (Unntatt søndag). Priser fra kr. 130,- i perioden 1.1.96

- 8.2.96. 20 års aldersgrense uten følge med foresatte.

Internet: <http://www.colorline.no/>

Email: colorline@colorline.no

**KONTAKT DITT REISE-
BYRÅ ELLER RING
COLOR LINE PÅ
22 94 44 70**



ColorLine



96sd 26 991

